

Vedtekter for Sogndal kommune sin kulturpris

Jf. vedtak i kommunestyremøtet 28. oktober 2021.

1. Namn

Kulturpris for Sogndal kommune.

2. Føremål

Prisen skal vere ein honnør og påskjøne arbeid for verdifullt og framifrå innsats innan det profesjonelle og frivillige kulturfeltet. Prisen kan delast ut til einskildpersonar, lag og organisasjonar eller institusjonar. Prisen skal stimulere til vidare innsats og skal synleggjere innsats som har eller vil gagne Sogndal-samfunnet.

Prisen kan ikkje delast ut til kommunale organ, institusjonar eller personar som arbeidar i desse.

3. Prisutdelar

Utval for samfunnsutvikling er jury som skal vurdere innkomne kandidatar til prisen og avgjere tildelinga. Prisen vert lyst ut i dagspressa og sosiale media. Nominasjon av kandidatar må vere grunngjeven. Framlegg til kandidatar skal vere innkomen til utvalet innan 1. november kvart år. Utvalet skal grunngje vedtaket sitt. Prisen vert overrekt av ordførar på siste kommunestyremøte kvart år.

4. Pris

Mottakar får eit kunstnarleg utforma diplom og ei pengegåve på 20 000 kroner. Summen skal justerast med jamne mellomrom. Midlar til innkjøp av kunstnarleg utforma diplom eller anna kunstnarleg arbeid, vert avsett i det kommunale kulturbudsjettet kvart år. Administrasjon ved tenesteleiar for kultur har ansvar for innkjøp av diplom/kunstnarleg arbeid. Så langt det er mogleg skal dette tingast av kunstnar med tilknytning til Sogndal kommune. Om det fell naturleg skal kommunen markere mottakar av kulturprisen på eigna måte i Sogndal kulturhus. Døme på markering kan vere utstilling eller konsert.